

KYRKJEBLAD

54. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1/2000

Les i kyrkjebladet

Ver parat! Ver alltid parat!, skriv Asbjørg Øxeseth i ein andakt.

Side 3.

Under vignetten "Farne Tider" tek me denne gongen med glimt frå 1975 og 1984.

Side 5.

Ei travel nyttårshelg ligg bak oss, også innan kyrkja.

Side 7.

Einsrettinga er eit av ende-tidsteikna, og det er viktig å vera vaken for einsrettinga i skule, kulturliv, økonomi, på alle område, seier Johannes Kleppa i eit intervju.

Side 8.

I år er det Sør-Afrika som er sett på kartet i Kirkens Nødhjelp sin årvisse fasteaksjon.

Side 9.

GIRO

Giro er innlagt i bladet. Vonar flest mogeleg nyttar den.



Bergsdalen kyrkje er ei av kyrkjene der "Godt Nytt" vert utdelt.

Foto: Daniel Lid

BIBELDAGEN

I år er det 20. februar som er datoen for den såkalla Bibeldagen, eller Sámannssøndagen som er den kyrkjelege nemninga på denne søndagen.

I Vaksdal prestegjeld vert det sett fokus på utdelinga av nytestamentet "Godt Nytt" til elevane i 5. klasse, med utdeling i Dale kyrkje 30. januar som starten på det heile.

Ein har sagt det slik: "Den som har gjeve ein bibel til eit anna menneske har ikkje levd forgjeves."

Elles vert det i år sett fokus på å få utbreidd Bibelen meir i dei bibelske landa.

Les og sjå meir side 6

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 1. mars 2000.
Bladet kjem ut i veke 13 som byrjar med 27. mars.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20
Fax 56 59 89 46

Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar:
Ragnvald Kringlebotten,
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
Kasserar:
Elisabeth Dyrhol,
Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.
Tlf. 56 59 70 88
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

LEIAR:*Er det meining i det?*

Slutten av førre og starten på dette året har gjeve oss fleire dramatiske trafikkulykker med fleire omkomne. Mange sit att i sorg og sagn. Då kjem lett spørsmålet. Kva meining er det i dette? Det er eit spørsmål ingen kan gje noko svar på, men det er likevel eit spørsmål som er heilt relevant for dei som er midt oppi det.

Undersøkingar av ulykkene med "Sleipner" og togkatastrofen i Åsta viser at ikkje alt er som det skal vera tryggleiksmessig innan trafikksektoren.

Stor fart og køyring mot raudt lys for å halda rutetidene er ting som er kome fram. Likeeins burde kvaliteten på redningsvestar tildømes HSD nyttar vore mykje betre.

Det kan verka som at stresset for å halda rutetider og anna gjer at menneska vert ein kasteball oppi det heile. Den slags stress burde me vore forutan. Det er trass alt menneskeliv det handlar om. Det dyrebaraste Gud har skapt.

Dei som sit att slit med mange slags prøvingar. Men det er likevel ein veg som alltid er open, vegen til Jesus. Jesus seier det slik i Matt. 11,28. *"Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile."* Det er i alle fall ei trøyst å vita at Jesus ser vår sak.

Ragnvald Kringlebotten

KYRKJESTADEN**DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 100,-

**hjá Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.
Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5721 Dalekvam .
Tlf. 56 59 61 20**

**Godkjende leverandørar av gravminner**

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner. Alle gravminner må være innanfor forskriftene i gravferdsloven. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.


Åsane stein AS
Sæthre stenindustri AS
Kjøl Stenindustri
Øien steinhuggeri
Brødrene Strand Stenhuggeri AS
Decoform Gravmonumenter AS
Eikner Naturstein AS

Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent.

Godkjenningar i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.

Ver parat! Ver alltid parat!

Av kontorfullmektig Asbjørg Øxeseth,
Indremisjonselskapet.



Luk. 12, 35-40: *"Spenn beltet om livet og lat lampene brenna! Ver lik tenarar som ventar herren sin heim frå gjestebod, og står ferdige til å lata opp så snart han kjem og bankar på. Sæle dei tenarar som herren finn vakande når han kjem! Sanneleg, det seier eg dykk: Han skal spennast beltet om livet og føra dei til bords og sjølv gå fram og tena dei. Anten han kjem i den andre nattevakta eller i den tredje: Sæle er dei når han finn det så.*

Men de skal de vita: Dersom husbonden visste kva tid tjuven kom, ville han ikkje la han bryta seg inn i huset. Så ver budde de óg! For Menneskesonen kjem i ein time de ikkje ventar det."

Ver parat! Alltid parat! Mange kjenner att slike uttrykk frå speidarlivet. På leiarens ordre har mange speidarjenter- og gutar i stram honnør lova at dei alltid skal stå til teneste. Den lærdomen dei fekk som speidarar, gav nyttige impulsar og var til eit vern i livet for mange.

Skal ein vera på vakt, må ein halda seg vaken, og ein god måte å halda seg vaken på, er å vera i aktivitet. Dette gjeld ikkje minst når noko spanande skal skje og

ventetida er lang. Då er eit levande engasjement viktig.

Ver budd! seier Jesus. I denne formaninga frå Jesus ligg alt vi kan tenkja oss av varme og omsorg. Det gjeld både for dette livet og det evige. Ver alltid budd! Eit svar på Jesu formaning inneber mellom anna eit liv i teneste for han. For å utføra denne tenesta, må alle hindringar fjernast (beltet spennast) og det må vera rikeleg med lys (lampene tende). Elles kan svevnen få overhand.

Eit arbeidstilhøve slik vi kjenner det, startar gjerne med instruksar, avtalar og løn etter utdanning og ansiennitet. Tenesta for Jesus startar ved at vi tar imot ei gåve. Eg fekk ta imot denne gåva alt då eg vart boren til dåpen. Jesus er livet, og hans kjærleik skapar eit levande engasjement hos den enkelte. Å vera budd, blir då å ta imot Jesus og å leva livet vidare hos han og i teneste for han.

Kva med løna? Ikkje alt kan kjøpast for pengar. Vi anar noko om dette når teksten brukar ordet sæle, og at Jesus sjølv skal vera vert. Det er store verdiar det står om. Difor er det viktig å vea budd.

(KPK)

Ei fem-finger-bøn



Tommelen ligg nærast deg, så start med å be for dine næraste. Dei er lettast å hugsa. Å be for dei me er glad i, er i fylgje C. S. Lewis "ei glad plikt".

Neste finger er peikefingeren. Be for dei som rettleier og lækjer. Ta med lærarar, helsepersonell, prestar og pastorar. Dei treng støtte og visdom for å kunna peika andre i rett retning. Ha dei alltid med i dine bønner.

Den neste fingeren er den høgaste. Den minner oss på våre leiarar. Be for Kongehuset, Regjeringa og Stortinget. Ta også med leiarar i næringsliv og organisasjonsliv. Disse er med og formar vårt samfunn og vårt folk. Dei treng Guds leiing.

Fjerde finger er ringfingen. Overraskande nok er det den svakaste fingeren vår, noko einkvar pianolærer kan stadfesta. Den burde minna oss på å be for dei svake, dei som har problem og kjenner smerte. Dei treng di forbøn dag og natt. Du kan ikkje be for mykje for dei.

Til slutt kjem veslefingen, den minste av dei alle, og det er slik me burde setja oss sjølv i høve til Gud og menneske. Som det står i Bibelen, "dei siste skal verta dei første". Veslefingen skal minna deg om å be for deg sjølv. Når du har bede for dei andre fire gruppene, vil dine eigne behov koma i rett perspektiv og dine bønner for deg sjølv verta meir effektive.

Frå "Medier og nett", KKL

Utanriksministeren ber Gud om hjelp mot vondskapen

-Kva gjer krig og krigsøydeleggjingar med trua di? I eit intervju med NRK svara du at kriggen i Jugoslavia ikkje har gjort di tru på Gud veikare, men redusert di tru på menneska.

-Ja, det er rett. Det vonde sitt problem er eit uløyst problem. Men det problemet tenkjer eg meir på når eg er langt unna alt elende i verda, enn når eg er midt oppi det. Når det er krig og konflikhtar, er eg mest opptatt av å alliera meg med alle gode krefter. Då blir det viktig å be Gud om hjelp og kraft og styrke til oppgåva med å avgrensa dei vonde kreftene. Ein kan filosofera over kvifor Gud tillet det og det. Men svaret på dette spørsmålet må eg nok venta på få til eg kjem til himmelen, seier utanriksminister Knut Vollebæk i eit intervju med Kristeleg Pressekontor.

-Fleire kjende personar seier at dei har ei "enkel barnetru". Du tilhøyrer vel den reflekterte gruppa av truande?

-Den enkle barnetrua er noko positivt, så eg vonar også eg reflekterer den. Ho fortel om tillit til Gud og Jesus slik vi skal ha. Samtidig skal vi veksa i trua. Som student reagerte eg ein del på den utsegna professor Hallesby hadde kome med ein gong, nemleg "det går ikkje noko ekstratog til himmelen for akademikarar. At akademikarar ikkje blir frelste på anna vis enn andre, ved tru og nåde og ikkje



ved tankar og gode øvingar, er greit. Men Bibelen seier noko om talent vi alle skal bruka. Det inneber at vi skal ta meir modne avgjerdsler no enn vi gjorde som yngre, og ha større forståing i trustilhøve.

Gud er Gud – same kva

-Inneber det at du filosoferer over rørslene til planetane, og over at det i kvart DNA-molekyl i kroppen din er ei informasjonsmengde som tilsvarar fleire millionar boksider?

-Nei der er eg enkel. Men då vårt eige barn vart fødd, og vi såg den likskapen barnet hadde med kona mi og meg, så gjorde eg meg nokre tankar om korleis skaparveket er innretta.

-Ein kan filosofera over kvifor Gud tillet det og det. Men svaret på det spørsmålet må eg venta med å få til eg kjem til himmelen, seier utanriksminister Knut Vollebæk, (biletet)

KPK-foto: Arne Sæteren

Utgangspunktet for meg er Gud som skapar. Eg kan ikkje forklara eksistensen til verda utan Gud, utviklingslære og ulike andre teoriar til trass. Når eg seier at Gud har skapt meg, har eg eit tilhøve til han anten eg vil eller ikkje. Petter Dass har formulert det treffande: "Gud er Gud om alle land lå øde, Gud er Gud om alle mann var døde", seier utanriksminister Knut Vollebæk.

(KPK)

Farne Tider

I dette nummeret tek me med glimt frå to tidlegare nummer av kyrkjebladet, frå nr. 1 i 1984 og 1975.

Steinnes til Vaksda!

Søndag 12. januar 1975 vart Magne Olav Steinnes (biletet) sett inn som residerande kapellan i Vaksdal prestegjeld. Det var prost Augun Østtveit som sette han inn i embetet. Steinnes kom til Vaksdal frå Nord-Rana, med bustad i Storforshei, som ligg omlag tre mil frå Mo i Rana.

Staden han kom frå hadde 17 preikestader, men berre tre kyrkjer. Så sjølv om Vaksdal har mange preikestader vert det likevel lite mot 17.



Vintertreff i 1984

Helga 3.-5. februar var det eit vellukka vintertreff på Dale med vel 60 ungdommar frå Vaksdal og Voss kommunar.

På biletet til høgre ser me koret "Fides", som nå er lagt ned, i ei ungdommeleg utgåve.

Ekteparet Karin og Einar Mjelde, nr. 3 frå venstre bak og framme, er framleis "Still going strong", nå i koret "Kilden".

På nedste biletet ser me ei dramagruppe som øver på evangelieteksten til gudstenesta denne helga.



Bibeldagen 2000

20. februar år 2000, Søndagen, er den såkalla Bibeldagen. I vår kommune vert fokus sett på utdeling av "Godt Nytt", Det nye testamente, til elevane i 5. klasse. Denne utdelinga er ei av utdelingane som er med og markerer sokneråda sin dåpsopplæringsplan.


Sidan me i Vaksdal har så mange kyrkjer starta me det heile litt på forskot og det tok til med utdeling av "Godt Nytt" til 5.klassinane i Dale kyrkje den 30. januar, med kyrkekaffi etterpå der bibelkonkurranse var eit av innslaga, bileta til høgre. Sidan går det slag i slag med utdeling i Starnes og Vaksdal kyrkjer 20. februar, Bergsdalen 27. februar og Eksingedalen 26. mars.

Bibelen til Israel

Det Norske Bibelselskap har starta ei 2000-kronersrulling for å skaffa biblar til Bibelens land, Israel. På ein månad hausten 1999 kom det inn 2 millionar kroner.

-Det viser at mange synest denne satsinga er viktig. Vi har drøymt og planlagt lenge, seier Doron Even Ari som leier bibelarbeidet i Israel. Israelske og palestinske styresmakter samarbeider med bibelselskapa om og brosjyrar og utstillingar. Då høyrer også Jesusfortellingane med, fortel Ari.

Tekst/foto: Ragnvald Kringlebotten





Travel nyttårshelg

Tusenårsskiftet vart markert med høg aktivitet i kyrkjene i prestegjeldet. Nyttårsaftan var det gudstenester i seks av kyrkjene, og om lag 350 personar var med på desse gudstenestene. Til Dale og Vaksdal kyrkjer kom det fleire enn kva som er vanleg nyttårskvelden, og i dei andre kyrkjene var det sær mange til stades – særleg når ein samanliknar med kor mange som bur i sokna. Fleire stader var et fakkeltog frå kyrkja til staden der nyttårsfeiringa heldt fram.

For å få til så mange gudstenester måtte fleire enn prestane og organistane setjast i sving. I **Bergsdalen** var det soknerådet som tok ansvaret: Lise-Lotte Småbrekke og Roald Brekke delte på oppgåvene saman med klokkar Per Småbrekke. Anne Hilde Osvold og Gjertrud Berge spela på blåseinstrument til nokre av salmane. I **Vaksdal** kyrkje var det Trygve Boge som leia gudstenesta, medan Njål Nordmark nok ein gong sat på orgelkrakken. På **Eidsland** var det medlemmer av Vaksdal og Modalen Trekkspelklubb som spela til salmane, medan Hege Eilertsen leia gudstenesta. Ho er frå Stamnes, men bur i Moss, der ho er kateket. For Eksingedalen var et felles gudsteneste i **Eksingedalen** kyrkje, der Kjartan Gullbrå leia gudstenesta og Asbjørn Nese sytte for musikk.



Mykje fint fyrverkeri nyårsafta.
VP-foto: Helge Furubotn

Skuleborna hadde øvd inn eit fredsprogram, med mellom anna diktlesing. På førehand hadde skuleborna laga eit ljøs til kva innbyggjar i dalen. Dette sendte

dei ut saman med invitasjonen til å vere med på felles nyttårsfeiring i kyrkja og på Ljosheim. Bård-Egil Dyrhol og Olav Arne Steinkopf var i **Dale** kyrkje og Frode Kvamsøe i **Stamnes** kyrkje.

Dei to neste dagane var det fem gudstenester i prestegjeldet, men det var berre på Vaksdal det var mykje folk samla. 1. nyttårsdag var det felleskyrkjeleg gudsteneste i Tabernakelet på Vaksdal, Mange samla seg i Tabernakelet denne føremiddagen, der pastor Trygve Urhaug og Bård-Egil Dyrhol delte på å leia gudstenesta.

Feiringa av totusenårsjubileet for Jesus sin fødsel held fram heilt til 2. juledag. Det vert ikkje særlege arrangement i dette høve med det fyrste, men jubileumstida vert markert i nokre av kyrkjene kvar gong det er gudsteneste. Då vert Betlehemsljøset tent i byrjinga av gudstenesta, som ei synleggjering og påminning om at Jesus kom som verda sitt ljøs.

Bøn for det nye året og tusenåret



Nedanfor tek me med den bøna som vart nytta i kyrkjene nyttårsafta 1999.

"Evige Gud, denne siste kvelden i dette året og dette tusenåret kjem vi fram for deg med takk og bøn. Endå eit stykke av livsvegen vår er lagt attom oss, og vi seier med glede: Til no har Herren hjelpt oss!

Vi er ikkje verd all den miskunn og truskap som du har vist mot oss. Også i dei tunge stundene var du nær og heldt oss fast i tru og von. Vi takkar deg for alt – for det du gav og det du tok.

Vår Gud og Far! Ver med oss i dette året og tusenåret som ligg framføre, slepp oss ikkje og gå ikkje frå oss, du all nådes Gud! Gjev oss og i åra som kjem dine gode gåver for livet her. Gjev oss framfor alt nye, heilage åndstider i hjarto våre og i kyrkja vår, så du ikkje skal leita til fånytted etter frukt hjå oss og i din kyrkjelyd.

Gjev oss alle evne vilje til å leva i kjærleik og omsyn til kvarandre, slik at vi saman kan byggja fellesskap der alle kjenner at det er godt å vera. Lat ikkje det vonde, som ufred, egoisme, hat og urett få prege vår framtid, men lat ho formast av det gode som óg er mellom oss.

Vi bed deg: Gud vare vår utgang og vår inngang frå no og til evig tid! I Jesu namn sluttar vi det gamle tusenåret, i Jesu namn går vi inn i det nye. I det namnet vil vi leva, i det vil vi døy. Du, Herre, er vår tilflukt og vår styrke. Lova vere ditt namn.

Einsrettinga- eit endetidsteikn

-Einsrettinga i samfunnet og sjansane for at éin person utøver global kontroll, blir stadig større. Bibelen fortel at ei slik utvikling vil vi få før Jesu atterkome. Difor trur eg at Jesu atterkome kan vera nær for døra. Men Gud kan stoppa klokka dersom han vil, seier Johannes Kleppa i eit intervju med KPK.

-Kan Jesus koma att i år 2000?

-Ja, det kan han, men ikkje fordi det er år 2000.

-Er det sannsynleg at Jesus kjem snart?

-På den eine sida seier Jesus at ingen kjenne dagen. Samstundes klagar han på folk for at dei ikkje les teikna i tida. Bibelen nemner visse teikn som vi kan orientera oss ut frå. Det vert nemnt nokre generelle teikn, som jordskjelv, krig og uår. Det kan verka som om slike teikn skjer hyppigare no enn før, men det kan like gjerne vera fordi vi høyrer og ser alt som skjer på TV-skjermen, så dette er vanskeleg å uttala seg om.

-Finst det nokre klare endetidsteikn?

-Eitt teikn som blir nemnt, er at evangeliet skal forkynnast til alle folkeslag. Dette er ikkje oppnådd enno, men det kan skje fort.

Eit anna teikn er at jødane skal venda attende til landet sitt.

Dette er noko vi ser i vår tid. No kan vel jødane i teorien missa landet ein gong til, men dette tykkjer eg verkar som ei unaturleg forklåring, seier Kleppa, som meiner det tredje teiknet er einsrettinga i samfunnet. Desse teikna fortel oss

kor viktig der er å vera budd.

Det som er viktig, er likevel å vera vaken for einsrettinga i skule, kulturliv, økonomi, på alle område. Åndsutviklinga er viktigare å fylgja med på enn kronologi og tal. EU er ein del av dette biletet.

Dersom det vi ser i Noreg og Europa er ein global trend, er det eit uttrykk for at den lovlause, som Bibelen seier skal koma, er på frammarsj, seier Kleppa, som åtvarar mot dei som meiner dei veit dato for når Jesus kjem att.

(KPK)



Velkomen til Kristusfest på Sørlandet



Har du ikkje planar for sommaren ennå kan kanskje ein tur til Kristiansand vera tingen. Der vert det skipa til ein Kristusfest som vert kalla Origo.

Bak arrangementet står ti av dei største kristne organisasjonane i Noreg og Frikyrkja.

Kristusfesten skal vera i Sørlandshallen som ligg vegg i vegg med Dyreparken, og skal føregå frå 5. – 9. juli.

Vaksdal Familiekor

Er de og borna dykkar glade i å syngje?

Ønskjer de eit tilbod der heile familien kan gjere noko saman?

Saknar de ein møtestad for born, unge, vaksne og familiar frå heile kommunen?

Då kan kanskje Vaksdal familiekor vere eit godt tilbod til dykk.

Ein startar samlinga med å syngje saman. Repertoaret er breidt, men ein prøver å leggje det opp slik at ein får med seg også dei små borna. Her syng ein alt frå "Mikkel Rev" og "Morgendag-ens søsken" (frå "portveien), til "Måne og sol". Etter ei songavdeling, avsluttar ein samlinga med å ete ein enkel kveldsmat i lag. Familiekolet held drikkevarer (kaffi, te, mjølk, juice), medan kormedlemene sjølv tek med det dei ynskjer av brød og pålegg.

For tida er det Anne Lise Vaksdal som er dirigent medan Olav Arne Steinkopf er pianist. Formann er Kristi Kvamsøe.

Vaksdal familiekor ynskjer å vere ein møtestad for songglade frå heile kommunen.

Familiekolet er eit kristent kor, men ynskjer å halde ein lav terskel slik at alle kan kjenne seg heime.

For meir informasjon kan ein kontakte formann Kristi Kvamsøe på tlf: **56 59 73 15**.

Vaksdal familiekor har øving annakvar torsdag kl 17.30 – 19.00 på Dale bedehus.

Øvingane våren 2000:

24. februar, 9. mars, 23. mars, 6. april, 13. april, 27. april, 11. mai, 25. mai, 8. juni.



Hjelp Sør-Afrika å leve med minna.

Skal Sør-Afrika klare dei store utfordringane landet står framfor, kan ikkje dei vonde minna etter apartheid få lov til å paralysera og øydeleggje for framtida. Eit folk som har valt forsoning og tilgiving framfor hemn og gjengjelding, burde ha dei beste føresetnader. Målet er å gjere ofra i stand til å halde fram utan å vere fanga av smerte, hemn og bitre kjensler. Til det treng vi di støtte!

**Ta godt imot bøsseberarane
11. april.**

Ring 820 43 033 og gi 100 kroner
eller bruk giro 110.



Som det går fram av ovannemnde melding er det Sør-Afrika som er sett på kartet for innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp i år og det er vår bøn at bøsseberarane vert tekne godt mot når dei kjem rundt.

I Vaksdal kommune vert det dør til dør aksjon på Vaksdal, Dale og Stanghelle tysdag 11. april frå kl. 17.00 og utover. Andre stader i kommunen kan ein levera fastebøsser i kyrkjene eller ein kan nytta telefon og giro, sjå i annonsa ovanfor.

LEIR KVAMSSETER:

25.02-27.02, Nettverkshelg
03.03-07.03, Skiweekend
14.04-17.04, Påskeleir 5.-8.kl
19.04.-23.04, Familieleir

ALVÆRA:

18.02-20.02, Vinterleir 2.-4.kl
21.02-24.02, Vinterleir 5.-7.kl
24.03-26.03, Mariahelg, kvinner
14.04-17.04, Påskeleir, ungdomsskuleelevar.
17.04-20.04, Påskeleir 16-19 år
20.04-24.04, Påskedagar, vaksne

**For pris og informasjon
ring eller skriv til:**

**Det Norske Misjonsselskap,
Vestre Muralm. 15,
5011 Bergen. Tlf. 55 31 00 61**

LEIRAR PÅ FAGERTUN

Påskeleir 1

14. – 17. april
Alder: 4. – 7. klasse

Påskeleir 2

19. – 24. april
Alder: 8. klasse
og oppover

**Informasjon
og påmelding
til begge leirane:**

**Noregs Samemisjon
Sparebankgt. 4 A,
5017 Bergen
Tlf. 55 31 65 06.**

Sokneråds- leiarar, og nestleiarar i år 2000

Det har vore val av leiar og nestleiar i soknråda, den som er nemnt først er leiar.

DALE:

Oddveig Straume,
tlf. 56 59 75 72.
Ståle Hol,
tlf. 56 59 52 55.

VAKSDAL:

Tove Margrethe Nordmark,
Tlf. 56 59 72 01.
Odd Arild Faugstad,
Tlf. 56 59 70 61.

BERGSDALEN:

Lise-Lotte Småbrekke,
Tlf. 56 59 89 68.
Ragna Lid,
Tlf. 56 59 89 20.

STAMNES:

Ove Magne Straume,
Tlf. 56 59 82 74.
Eidrun Straume Normann,
Tlf. 56 59 82 84.

EKSINGEDALEN:

Asbjørn Lavik,
Tlf. 56 59 58 19.
Halldis Fjellanger,
Tlf. 56 59 58 18.

NESHEIM:

Anne Synnøve Nesheim,
Tlf. 56 59 59 44.
Albert Gullbrå,
Tlf. 56 59 59 17.

KAN DU LYTTA?

Kirkens SOS startar nytt innføringskurs for frivillege medarbeidarar. Kurset går over 10 torsdagskveldar. Medarbeidarane får støtte og vegleing så lenge dei er med i tenesta, og har vakt ca. kvar 12. dag.

For å bli medarbeidar må du vera 22 år. Me treng vanlege menneske som kan lytta meir enn dei snakkar sjølve. Dersom innringjaren bed om det, må du kunna be ei bøn.

Velkomen til eit godt fellesskap og ei utfordrande og meningsfull teneste!

**Ring Kirkens SOS
tlf. 55 32 58 45,
på dagtid.**



KYRKJESKYSS VINTERSTID

Dersom eldre på Dale og Stanghelle har trong for skyss til Dale kyrkje vinterstid kan ein ta kontakt med
Grannekontakten på Dale
på Tlf. 56 59 70 80.

**ALT I KJØKKENINREDNING
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE
SNEKKERVERKSTED**

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Trelast og byggevarer

DALE TRELAST a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5722 Dalekvam

Snittar * Koldtbord * Begravelses-sammenkomster
* Overtidsmat * Møtelokale * Video * Stor-kiosk
Fast-food * Pizza * Musikk * Verksted * Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.
Tlf. 56 59 67 36 - Fax: 56 59 67 75 - E-mail kaajo@online.no



DALE HANDELSFORENING
avd. Dale 56 59 61 01
Avd. Stamnes 56 59 82 03
Avd. Stanghelle 56 59 50 35

PETERSEN & YPSØY AS
Bokhandel - Gåver - Foto
Kiosk - Tipping - Rikstoto.
Tlf. 56 59 61 58.

Kontormateriell - Data
Leiker - Hobby - Fotorammer,
i andre høgda på Dale Handelseforening.
Tlf. 56 59 79 80.



K. Seim A/S,
Boks 114,
5721 Dalekvam
tlf. 56 59 62 23
Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.
Her kan du handle det du treng.



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.
Husk å bestille koldtbord til konfirmasjonen.



**SAMVIRKELAGET
INDRE VESTLAND**
Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 46 60

**VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**
Tlf. 56 59 74 70



SLEKTERS GANG**DØYPTE****DALE**

16.01 Oda Kristine Øygard Steinkopf
16.01 Jenny Kristine Boge Fotland
16.01 Sandra Kvamme

VAKSDAL

21.11 Sander André Berg Marx
21.11 Amalie Vatle
23.01 Emma Berge Halland
23.01 Rebekka Løvstakken Folgerø

STAMNES

23.01 Jonas Gammersvik
23.01 Mathias Gammersvik
23.01 Marcus Gullbrå

**AVLIDNE****DALE**

26.11 Sven Magnus Vaksdal, f.1946
18.12 Edvin Magne Kalsås, f.1925
20.12 Ragnvald Eikevik, f.1920
25.12 Berit Synnøve Kvamme, f.1929
03.01 Alf Hesjedal, f.1907
10.01 Øistein Nielsen, f. 1945
11.01 Margit Johanna Langhelle,
f.1916
13.01 Nils Fossmark, f. 1928
23.01 Sverre Haugland, f. 1926

VAKSDAL

19.11 Johannes P. Bruvik, f.1919
15.12 Karsten Sæterdal, f.1938
20.12 Maria S. Langhelle, f. 1905
03.01 Olav Senneseth, f.1910

BERGSDALEN

03.01 Marta L. Brekke, f.1909

**VELKOMEN
TIL KYRKJE****20.februar – Såmannssøndagen****STAMNES kl.11.**

Familiegudsteneste. Dyrhol.
Utdeling av "Godt Nytt" til 5.kl.
Årsmøte

VAKSDAL**kl.17. Årsmøte.**

kl.18. Familiegudsteneste. Dyrhol.
Utdeling av "Godt Nytt" til 5.kl.
Offer til Barne- og ungdoms-arbei-
det i Vaksdal kyrkjelyd.

**27. februar – Kristi forklårings-
dag**

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd.
Offer til Dale soknerådet. Årsmøte.
BERGSDALEN kl.16.

Familiegudst. Kvamsøe. Offer til
Bergsdalen sokneråd. Utdeling av
"Godt Nytt" til 5.kl. Årsmøte.

5.mars – Søndag før faste

VAKSDAL kl.11. Dyrhol.
Nattverd. Offer til Vaksdal Radio.

Onsdag 8.mars – Oskeonsdag**STANGHELLE BEDEHUS****kl.19.00**

Skriftemålgudsteneste. Dyrhol.
Offer til Det Norske
Misjonsselskap.

12.mars – 1.søndag i faste

NESHEIM kl.11. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbei-
det i soknet.

STAMNES KL.11. Dyrhol.
Nattverd.

19.mars – 2.søndag i faste

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd.
Offer til Blå Kors.
EIDSLAND kl.11. Familieguds-
teneste. Dyrhol. Årsmøte.

26.mars – Maria bodskapsdag**EKSINGEDALEN kl.11.**

Familie-gudsteneste. Kvamsøe.
Utdeling av "Godt nytt" til 5.kl.
Offer til Evangeliesenteret.

VAKSDAL kl.18. Kvamsøe. Offer
til Kirkelig ressurscenter for mis-
handlede kvinner.

**Den Inter-
nasjonale
Kvinne-
bønedagen**

Den Internasjonale Kvinne-
bønedagen vert i år skipa til 3.
mars.

I Vaksdal kommune vert det
skipa til i Dale kyrkje kl. 17 og
i Vaksdal bedehus kl. 17.00.

I år er det kristne kvinner i
Indonesia som har gjeve oss bi-
beltekstar og bøner. Tekstane for
denne dagen er frå. 1. Tim. 1,5-
14 og Mark. 5, 21-23. 35-43.

Det organiserte bibelarbeidet
tok til i Indonesia alt i 1814.
Bibelselskapet der er svært ak-
tivt.

På dei mange øyane som utgjer
Indonesia bur det til saman meir
enn 200 millionar menneske.
Omlag 10% er kristne meir enn
85% er muslimar.

I år kan me vera med på å gje
støtte til bibelarbeidet i Indones-
ia. Dei treng spesielt hjelp til å
betala papiret når dei skal tryk-
kja biblar. Papiret til ein bibel
kostar omlag 10 kroner.